



2018

HEMSEDAL KOMMUNE



Månadsrapport

1/2018

Innhald

GENERELT OM MÅNEDSRAPPORTEN.....	1
LØNSOVERSYN.....	1
Rådmann med stab	1
Kultur og oppvekst	2
Helse og omsorg.....	2
Teknisk.....	3
ØVRIGE REKNESKAPSPOSTAR.....	3
Rådmann med stab	3
Kultur og oppvekst	4
Helse og omsorg.....	4
Teknisk.....	5
FRIE INNTEKTER.....	6
Skatteinntekter.....	6
Rammetilskot	7
Eigedomsskatt	7
PERSONELL	8
Sjkefråvær i % - totalt.....	8
Kort-tids sjkefråvær i %.....	9
INVESTERINGAR	10
Generelle kommentarar.....	10

GENERELT OM MÅNEDSRAPPORTEN

Rekneskapsåret er så vidt starta. Nokon trend er vanskeleg å sjå. I realiteten rapporterar ein berre på løn. Som for årsmelding blir det rapportert i hovudsak på avvik etter følgjande kategori:

	Avvik, men tiltak er sett i verk og vil kunne justerast
	Avvik, kommunestyre må ta stilling til korleis ein skal justere

Det som ikkje er nemnd er følgjeleg som det skal vere.

Det vil ikkje vere avvik i denne rapporten.

LØNSOVERSYN

Rådmannen følgjer månadleg opp dei vesentlege lønspostane. I desse rapportane er budsjettet periodisert etter normalt forbruk. For skuler og barnehagar er dette ei utfordring ettersom dei normalt reknar med 7/12 år (vår) og 5/12 år (haust).

Lønsoversyna blir korrigert for refusjon for sjukeløn og svangerskap ettersom vikarbruk og ekstrahjelp som oftast heng saman med fråvær. Inntekter frå denne refusjonen vil normalt ha eit etterslep. Avvik vil i nokre tilfelle kunne forsvarast ut frå dette.

I den fyrste månadsrapporten for 2018 vil lønsoversyna visast pr. hovudområde, seinare blir det berre dei avdelingane som har er vesentlege.

Rådmann med stab

(Alle tal i heile 1.000 kroner)

	TOTALT				Avvik - justert Budsjett
	R 2018 pr. mnd	Prognose B 2018/mnd	R 2017 pr. mnd.	Prognose B 2017/mnd	
TOTALT RÅDMANN OG STAB					
Januar	650	776	565	626	-126
Februar	1 239	1 544	1 238	1 244	-305

Kommentar:

Krysset mellom rosa og grått felt syner avvik i høve til periodisert budsjett der minus-beløp betyr mindreforbruk. Pr. februar er det eit mindreforbruk på 305.000 kroner. Det skuldast i hovudsak stillingar som er budsjettert med årsverknad, men som ikkje er begynt ennå. I tillegg sjukerefusjonar.

Til orientering er det gjort tilsetning i begge dei to stillingane som er lyst ut og begge startar i vår.

Kultur og oppvekst

(Alle tal i heile 1.000 kroner)

Skule:

TOTALT OPPVEKST M/SKOLE	TOTALT				Avvik - justert Budsjett
	R 2018 pr. mnd	Prognose B 2018/mnd	R 2017 pr. mnd.	Prognose B 2017/mnd	
Januar	1 605	1 099	1 109	1 080	506
Februar	2 661	2 186	2 223	2 150	475

Barnehage:

TOTALT BARNEHAGE	TOTALT				Avvik - justert Budsjett
	R 2018 pr. mnd	Prognose B 2018/mnd	R 2017 pr. mnd.	Prognose B 2017/mnd	
Januar	573	609	594	568	-36
Februar	1 189	1 210	1 184	1 131	-21

Kommentar:

Krysset mellom rosa og grått felt syner avvik i høve til periodisert budsjett der minus-beløp betyr mindreforbruk. Pr. februar er det eit meirforbruk på skulen på 475.000 kroner. Dette skuldast i hovudsak stipend som er ytt til lærarar som er i etterutdanning. Desse er ikkje periodisert og det følgjer med refusjon som dekker opp store deler av kostnadene.

Helse og omsorg

(Alle tal i heile 1.000 kroner)

Helse:

TOTALT - HELSE	TOTALT				Avvik - justert Budsjett
	R 2018 pr. mnd	Prognose B 2018/mnd	R 2017 pr. mnd.	Prognose B 2017/mnd	
Januar	449	484	456	389	-35
Februar	1 048	963	1 109	774	85

Omsorg:

TOTALT - OMSORG	TOTALT				Avvik - justert Budsjett
	R 2018 pr. mnd	Prognose B 2018/mnd	R 2017 pr. mnd.	Prognose B 2017/mnd	
Januar	3 333	3 389	2 960	3 208	-56
Februar	6 363	6 615	5 765	6 256	-252

Kommentar:

Krysset mellom rosa og grått felt syner avvik i høve til periodisert budsjett der minus-beløp betyr mindreforbruk. Pr. februar er det eit meirforbruk på helseområdet på 85.000 kroner. Avviket er ikkje vesentleg, men rådmannen vil likevel undersøke situasjonen.

På omsorg er det eit mindreforbruk pr. februar. Noko av dette skuldast vakanse i stillinga som helse- og omsorgsleiar.

Teknisk

(Alle tal i heile 1.000 kroner)

TOTALT - teknisk	TOTALT				Avvik - justert Budsjett
	R 2018 pr. mnd	Prognose B 2018/mnd	R 2017 pr. mnd.	Prognose B 2017/mnd	
Januar	868	1 118	929	1 017	-250
Februar	1 846	2 223	1 863	2 024	-377

Kommentar:

Krysset mellom rosa og grått felt syner avvik i høve til periodisert budsjett der minus-beløp betyr mindreforbruk. Pr. februar er det eit mindreforbruk på området på 377.000 kroner. Avviket skuldast vakanser. Mindreforbruket blir nytta til innleige av konsulentar.

ØVRIGE REKNESKAPSPOSTAR

Som for lønsoversyna vil rekneskapspostar pr. februar vere lite brukande som trend for året. I tillegg kjem det faktum at tala berre speglar deler av sanninga ettersom svært mange innkjøp i februar 2018 ikkje er med i rapporten, slik dei er historisk for tidlegare år. Dei vesentlege inntektene som skatt, rammetilskot og eigedomsskatt blir presentert som eige punkt.

Økonomisjefen har endra budsjettet slik at det frå 2018 blir budsjettet netto, dvs. at innkjøp blir budsjettet eks. mva, mva. blir synt i budsjett samt at tilsvarande inntekt i form av momskompensasjon kjem på same ansvar og teneste som utgifta.

Rådmann med stab

(Alle tal i heile 1.000 kroner)

		R 2018	B 2018	R 2017	R 2016
11	Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	807	8 022	2 428	2 486
13	Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	2 511	1 919	724	719
14	Overføringsutgifter	38	424	58	20
	SUM UTGIFTER	3 356	10 365	3 209	3 225
16	Salsinntekter	-14	-474	-17	-8
17	Refusjonar eks. refusjon sjukdom og svangerskap	-22	-148	-39	-19
	SUM INNTEKTER	-37	-622	-56	-27

Kommentar:

Det er ei endring mellom utgiftsgruppene frå 2017 til 2018. Dette er under kontroll.

Kultur og oppvekst

(Alle tal i heile 1.000 kroner)

		R 2018	B 2018	R 2017	R 2016
11	Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	566	4 885	832	707
13	Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	265	2 560	322	304
14	Overføringsutgifter	1 626	2 522	562	677
	SUM UTGIFTER	2 457	9 967	1 717	1 688
16	Salsinntekter	-1 533	-5 966	-1 433	-1 500
17	Refusjonar eks. refusjon sjukdom og svangerskap	-836	-848	-3 386	-18
18	Overføringsinntekter	0	-762	0	0
	SUM INNTEKTER	-2 369	-7 576	-4 819	-1 518

Kommentar:

Den store skilnaden i rekneskapsbeløp frå tidlegare år er at overføring til Hemsedal kyrkjelege fellesråd er betalt ut som eit beløp og ikkje tertialvis. Dette er under kontroll.

Helse og omsorg

(Alle tal i heile 1.000 kroner)

		R 2018	B 2018	R 2017	R 2016
11	Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	857	3 854	922	841
13	Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	500	17 901	385	569
14	Overføringsutgifter	840	1 116	284	408
	SUM UTGIFTER	2 198	22 871	1 591	1 818
16	Salsinntekter	-867	-3 979	-914	-826
17	Refusjonar eks. refusjon sjukdom og svangerskap	-14	-8 389	-25	-25
18	Overføringsinntekter	-67	0	-8	-2
	SUM INNTEKTER	-948	-12 368	-947	-853

Kommentar:

Den store skilnaden frå tidlegare år er at overføring til Frivillighetsentralen er betalt ut noko tidlegare enn i 2016. Dette er under kontroll.

Teknisk*(Alle tal i heile 1.000 kroner)*

		R 2018	B 2018	R 2017	R 2016
11	Kjøp av varer/tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	1 928	14 329	2 085	1 975
13	Kjøp av tenester som erstatter kommunal eigenproduksjon	2 492	12 322	2 359	2 426
14	Overføringsutgifter	500	1 552	0	80
	SUM UTGIFTER	4 920	28 203	4 444	4 482
16	Salsinntekter	-971	-28 753	-937	-1 305
17	Refusjonar eks. refusjon sjukdom og svangerskap	-16	-651	-58	-5
18	Overføringsinntekter	0	-2 858	0	0
	SUM INNTEKTER	-987	-32 262	-995	-1 309


Kommentar:

Ingen kommentarar utover at budsjetterte salsinntekter gjeld kommunale avgifter, som i hovudsak blir fakturert og inntektsført to gonger i året, mars og september.

FRIE INNTEKTER

Skatteinntekter


(alle tal i heile 1.000 kroner)

Kommentar:

Det er normalt ikkje mogeleg å seie korleis skatteåret blir før skatt for november måned er motteke. Tabellen over syner likevel at skatteinntektene pr. februar er høgare enn tilsvarande periode i 2017 og marginalt høgare enn prognose som er laga på basis av dei siste åra sin profil pr. måned.

Rammetilskot

(alle tal i heile 1.000 kroner)



Kommentar:

Rammetilskotet vil sjåast saman med skatteinntektene slik at dersom skatteinntektene aukar vil det for Hemsedal sitt vedkomande føre til lågare rammetilskot i form av inntektsutjamning.

Avvika frå 2017 og stipulert prognose er så små at dei ikkje vil synast i diagrammet over.

Eigedomsskatt


(alle tal i heile 1.000 kroner)

Det er ikkje sendt avrekning for fyrste kvartal i 2018. Det er likevel knytt stor spenning til konsekvensane av utlikna skatt for kraftselskap (ikkje berre Statnett-saka).

Pr. i dag ser det ut til at budsjetterte inntekter er realistisk.

PERSONELL

Sjukefråvær i % - totalt


Kommentar – totalt fråvær:

Fråvær kostar kommunen pengar og er ressurskrevjande for den som må skaffe vikar og for dei avdelingane som må skaffe vikar eller nytte overtid for å halde seg innafør lovverk og føresetnader sett av kommunestyret.

Fråværet i 2017 braut med fleire år med lågt sjukefråvær. Det er gledeleg at fråværet ser ut til å reduserast betydeleg utover hausten og vinteren 2017.


Lågt sjukefråvær gir effektivitet og reduserte utgifter frå dag 1!

Kort-tids sjukefråvær i %

Kommentar – kort-tids sjukefråvær:

Kort-tidsfråværet er truleg viktigare enn anna fråvær for ein del avdelingar som må skaffe vikarar på kort varsel. Det vil vere veldig store variasjonar mellom periodane. Diagrammet til høgre syner tertialvis kort-tids-fråvær frå 2013 til 2017.

Ein influensa-epidemi vil synast i fråværet, ganske raskt.



INVESTERINGAR

Generelle kommentarar

Pr. februar er det begrensa kor mykje aktivitet som gjort på dei fleste investeringsprosjekta. Kostnadene er synt i tabellen under (kolonne under R 2018).

	R 2018	B 2018
ALLE	1 348 144	33 847 000
002 Ny GPS rover /målebok	0	240 000
005 Investering bygg jfr plan for vedl...	0	2 160 000
007 Veglys	0	640 000
008 Utvikling sentralskule - HBU inkl...	18 600	1 600 000
012 Kjøp av IT-utstyr til skolen/bhg/k...	0	187 000
019 Avvanning Ulsåk RA	0	1 500 000
033 Kjøp av biler	294 400	540 000
049 Tiltak trafikktryggleiksplan	0	400 000
057 Bygdaheimen - Velferdsteknologi...	0	80 000
113 Grunnkjøp	0	20 000 000
139 Ny innløpsumpepestasjon, utj.og f...	167 873	2 000 000
160 Rehabilitering av ledningsnett (Ul...	0	500 000
164 Energimerking av bygg over 1.00...	638 111	0
239 Lettere gangvei Moavegen-Tuv	45 093	4 000 000
240 Utbygging ambulanse / ombyggi...	184 066	0


Budsjettet er administrativt justert slik at netto-kostnadene til prosjekt med moms-kompensasjon blir synt netto. Budsjettpostane over er følgeleg dei som kommunen må skaffe finansiering til i form av lån eller eigenkapital.

Konsekvensane av K-sak 96/2017 – overføring av investeringspostar frå 2017 til 2018) er ikkje lagt inn i budsjettet.

Pr. i dag vil det bety at investeringsbudsjettet vil auke med nærare 13 – 14 mill. kroner.

Det er i den samanheng interessant å sjå avvika mellom ambisjonane (budsjett) og realitetane av kva vi får gjennomført i året (rekneskap).

Diagrammet nedanfor syner ambisjonane (raud søyle) og rekneskap (blå søyle). Det ein ikkje får utført det eine året blir i stor grad overført til neste år, jfr. K-sak 96/2017. Diagrammet er justert slik det hadde vore dersom ein hadde budsjettert utan mva. for prosjekt som kommunen får momskompensasjon for.



Det er grunn til å meine at ein bør lande nokre av prosjekta før ein går vidare på nye prosjekt.